



HELDT FOREDRAG: Forfatter Per Kristian Sebak var ein av foredragshaldarane under Utvandringfestivalen i helga.

Utvandring, utsegling og utf

RADØY: – Kvifor har nesten ingen høyrte om den norske versjonen av Titanic?

ANNA MARIA HATLAND
anna.hatland@nordhordland.no

Forfatter Per Kristian Sebak står ved podiet i Emigranterkyrkja på Sletta og spør til framfotet:

– Kvifor har nesten ingen av dykk høyrte om den norske versjonen av Titanic før?

Ingen svarar. Om dei teier av mangel på kunnskap eller av reservasjon er vanskeleg å seie, men mange tek seg nok sjølv i å lure på det same som forfattaren.

Tradisjonsrik fest på Sletta i helga

Sebak var ein av dei som heldt foredrag i Emigranterkyrkja under den årlege Utvandringfestivalen, som gjekk føre seg på Sletta i helga.

Godt oppmøte

Museumssenteret i Hordaland inviterte publikum og foredragshaldarar til eit variert og spennande program, der det var tilbod for både liten og stor.

Skyting med pil og boge, fotografiltbod og opning av utstillinga "Minne frå ein krig" var berre noko av det som gjekk føre seg

lørdag, og dei framfotet var mange.

– Vi er nøgd med besøket, seier ansvarleg for seminaret i kyrkja, Kenneth Bratland. Han viser til godt engasjement hjå foredragshaldarane og eit interessert publikum i salen.

Variert

Publikum fekk bivåne bilete og høyre eit variert og godt samansatt program, alle med utvandring i fokus.

Ingeborg Kongslie, fyrsteamanuensis ved universitetet i

Oslo, sette fokus på korleis immigrasjon påverka skriftspråket og Anlaug Røen Hauge

« Dei var nemleg påfallande like, men berre eit av dei vart kjend for ettertida.»

fortalde om Martha Ostenso, ei jente frå Arna som utvandra og blei populærførfattar i Amerika.

Ådne Lovstad skildra etableringa av Det skandinaviske regimentet i den amerikanske borgarkrigen og forfatter Per Kristian Sebak underheldt med andre historiske hendingar.

Likskap

Den norske passasjerfarten til USA vart belyst av Sebak. Han samanlikna norsk passasjerfart til USA med forliset av Titanic.

– Mange av dykk har høyrte om



fordring

Titanic, seier han. – Men få av dykk er nok kjend med D/S Norge, skipet som hadde store lik-skapstrekk med ulukka kring Titanic. Dei var nemleg påfallande like, men berre ei av dei vart kjend for ettertida.

Sebak fortel om eit passasjerskip som reiste med norske passasjerar til New York og som forliste i 1904. Tapstala var store, og blant dei var det 224 nordmenn.

– Titanic hadde òg store tapstala, forliste i same tidsepoke og begge hendingane vart klassifiserte som katastrofer, fortel han. Forfattaren peikar på fleire faktorar som kan ha hatt påverknad på kvifor D/S Norge ikkje vart like

kjend som forliset til Titanic.

– Eg trur det har mykje med kven eigaren var, seier Sebak.

– Titanic var eigd av eit kjend selskap, det var ikkje skipet som frakta dei norske nybyggjarane. Ho hadde òg fleire fyrsteklassepassasjerar enn D/S Norge, og ho hadde telegraf. Titanic var på jomfruturen, og det var ikkje D/S Norge, fortel Sebak, før han påpeikar:

– I tillegg sokk Titanic på nesten tre timar, medan D/S Norge sokk på berre tjue minutt. Tenk kor mange scenar ein kan forestilla seg på Titanic i forhold, då!

Uviss årsak

Kvifor D/S Norge ikkje blei

like kjend for ettertida som Titanic kan ha mange påverknadsfaktorar, meiner forfattaren.

Utvandringa til Amerika vart uansett ikkje stagga av ulukka, sjølv om forliset var den ulukka som har krevd flest norske liv i nyare historie.

Det norske språket nådde ein topp i Amerika like før første verdenskrig, då over ein million amerikanarar snakka norsk som hovudmål.

I dag bur det nesten like mange norskætta amerikanarar i USA som det bur nordmenn i Norge.



GAMAL TRADISJON: Marlene Melligen (f.v.) og Silvia Melligen var to av dei som benytta seg av fotograftilbodet under Utvandringfestivalen.

Gamle klede i ny drakt

I helga fekk mange kjenne på korleis det var å leva og kle seg før i tida.

ANNA M. HATLAND
anna.hatland@nordhordland.no

Dei fleste tenkjer på fotografi som noko ein benyttar seg av viss ein skal stadfeste noko som hender i dagleglivet.

Fotografi vert ofte brukt ved ulike feiringar, gjerne bursdagar og andre haldepunkt, og gjev ein eit handfast minne frå det aktuelle tidspunktet. Ofte er det desse handfaste minna som vert sakna mest av ein person sin eigedom, viss eigendelar går tapt.

Emigrasjon

Minne om mista, bortkomne eller bortreiste familiemedlem vart difor gjerne stadfesta av ein fotograf, då mange norske familiar drog under den store emigrasjonen på 1800-talet. Heile 9,3 prosent av Noregs befolkning hadde draumar om "Den nye verda", og dei tok ofte med seg heile familien for å betra levekåra sine.

Dei fleste var nok skremte, spente og håpefulle om dette nye, spennande landet i vest som alle hadde høyrte så mykje om, men få hadde sett.

Kva om vi ikkje finn oss eit levebrød?

Kva om vi ikkje overlever overfarten?

Kva om vi gløymer røtene våre?

Røter, kultur og minne. Alt kunne ein stadfeste ved hjelp av eit lite fotografi. For å hugse, sjå og minnast.

Mange let seg avbilde i nasjonalklede, mange truleg for siste gong, andre hadde dress eller andre staselege klede på. Ein skulle sjå fin ut, både for fotografen og familien si skuld.

Ein gong i livet

Nokre av desse fotografia kan ein sjå utstilt ved Vestnorsk utvandringssenter på Sletta. I høge Utvandringfestivalen i helga hadde dei utstilt fleire bilete av familiar som snart skulle dra ut av heimlandet.

Ein unik sjanse

Vestnorsk utvandringssenter hadde òg laga eit tilbod for publikum der dei kunne ikkje seg gamle klede for å kjenne litt på korleis det var å leva den gongen.

Bileta vart teke av fotograf Harald Dyrkorn og gjort "gamle", for å få litt av den same kjensla ein får av å sjå på gamle bilete:

Ei staseleg framtoning, eit litt oppstilt og viktig uttrykk som ein berre brukte for å markere store hendingar i livet.

Norsk utvandring - eit lite oversyn:

– 1800-talet er kalla "Utvandringens hundreår", då 50 millionar europearar utvandra til andre kontinent i perioden 1820-1930.

– På denne tida låg Noreg i toppen med utvandring i forhold til folketalet.

– Ved kartlegginga av norsk utvandring, utrekn på 1930-talet, vart det estimert at 90

prosent av utvandra nordmenn hadde busett seg i Nord-Amerika, hovudsakleg USA.

– Mogelegheitene til å få opphaldsløyve i USA vart innskrenka på 1920-talet.

Då overtok Canada første-plassen som utvandringstestinasjon for nordmenn flest.